



Skallan-Rå, Kvæfjord kommune.  
Foto: Robert Nygård

## KULTURMILJØ OG LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE

*Dette er eit kunnskapsgrunnlag som skal medverke til berekraftig forvaltning av kulturmiljø i byar og tettstadar, og i landskap av nasjonal interesse.*

Oversikta *kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse* byggjer på dei nasjonale måla for kulturmiljøforvaltninga, Europarådets landskapskonvensjon, og etablerast i tråd med bestillinga i Meld. St. 16 «Nye mål i kulturmiljøpolitikken».

Oversikta slår saman registra NB!-registeret (Kulturmiljøer av nasjonal interesse i byer og tettsteder) og KULA-registeret (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Oversikta skal også inkludere fleire kulturmiljø som på bakgrunn av geografisk plassering, art eller storleik ikkje er ein del av dei etablerte registra. Dette kan til dømes vere uthavner, fiskevær, industriområde, militæranlegg og kanalanlegg.

Kulturmiljø og landskap er eit resultat av areal- og ressursbruk over tid. Områda som er peika ut som nasjonalt interessante områder, skal saman syne mangfaldet i historia vår.

**Kulturmiljø** er område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

**Landskap** er eit samleomgrep for naturgejevne og menneskeskapte omgjevnader, og omfattar både natur og kultur.

### **Kvifor ha ein oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse?**

Vår omgjevnad har alltid vore i endring, men no skjer endringane raskare enn nokon gong. Dette kan medverke til at viktige kulturmiljø- og landskapsverdiar går tapt. Vi treng difor kunnskap om kva for verdiar som finnast i desse områda, og kva som skal til for å ta dei i vare. Til dømes når nye hovudvegar skal byggjast, vindmøller reisast eller bymiljø fortettast er det viktig å ha kartlagt kulturmiljø og landskap. Verdiane og heilskapen i desse områda skal både nyttast som ein ressurs, og takast i vare.

Kulturmiljø og landskap gir mange moglegheiter for oppleving. Menneskeskapte spor, og lokalt særpreg, dannar grunnlag for verdiskaping og utvikling. Spor etter fortida kan gjere eit område meir attraktivt og danne grunnlag for turisme, nærings- og bustads utvikling.

### Korleis går vi fram i arbeidet med oversikta?

Kulturmiljøa og landskapa som no skal verte ein del av oversikta, skal veljast ut i nært samarbeid med regional kulturminneforvaltning (fylkeskommunane og Sametinget). Kommunane får ei aktiv rolle undervegs i arbeidet. Kommunane vil få informasjon om arbeidet tidleg i prosessen, aktuelle områder drøftast og kommunen kan komme med innspel. Fylkeskommunane følgjer opp kontakten med den enkelte kommune og utarbeidar utkast til tekstar tilhøyrande kulturmiljøa og landskapa.

Riksantikvaren sender tekstane på høyring. I løpet av høyringa ynskjer vi innspel om dei foreslegne områda, slik at vi får ei god oversikt. Kulturmiljøa og landskapa vil ligge i [kulturminnedatabasen Askeladden](#), og vil bli tilgjengeleg gjennom nettsida [Kulturminnesøk](#).

### Kva meinast med at eit kulturmiljø eller landskap er av nasjonal interesse?

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag som kommune, fylke, Sametinget og andre private og offentlege aktørar, kan nytte i samband med planlegging og utvikling.

Plan- og bygningsloven er det viktigaste verktøyet i dette arbeidet, blant anna gjennom bruk av omsynssoner i regulerings- og kommuneplanar, eller i kommunale kulturminneplanar. Dersom det vert føreslått endra arealbruk eller tiltak innanfor eit kulturmiljø eller landskap som i vesentleg grad er i konflikt med dei kulturhistoriske verdiane som søkast bevart, kan det danne grunnlag for motsegn. Oversikta nyttast som eit prioriteringsverktøy i kulturmiljøforvaltninga ved at det tidleg signaliserast kor det må takast særskild omsyn i planlegging og utvikling. Viser i denne samanheng til Klima- og miljødepartementets motsegnrundskriv «T-2/16 -Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis»

Ein status som nasjonalt interessant kulturmiljø eller landskap betyr ikkje at det valde arealet vert del av ein verneplan, og det vert heller ikkje formelt freda. Det er viktig med aktiv bruk av kulturmiljøa og landskapa. Ein status som nasjonalt interessant område skal ikkje stoppe utviklinga, men medverke til god og berekraftig forvaltning som tek i vare kulturmiljøverdiane.



Ålesund. Foto Lene Buskoven, Riksantikvaren

### Kulturmiljø og landskap med store verdier

Riksantikvaren vil med denne oversikta

- vise mangfaldet av kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse i alle fylka
- medverke til auka kunnskap og medvit om kulturmiljø og landskap i kommunar og relevante sektorar
- gi tidlege og tydelege signal frå kulturmiljøforvaltninga om kva kulturmiljø og landskap det må takast særskild omsyn til i planlegging og utvikling av areal

Oversikta skal dekkje heile spekteret av nasjonale, kulturhistoriske interesser i kulturmiljø og landskap, frå by og tettstad, til områder i meir rurale strom. Kulturmiljøa og landskapa som omgjev oss er ein felles gode. Det er opp til alle – kommunal- og regional planforvaltning, eigarar, arkitektar etc., å ta ansvar og medverke til å sikre kunnskap om, og bidra til berekraftig forvaltning og utvikling av, områda.

Det er ynskjeleg at oversikta skal auke engasjementet. Ikkje berre for områda som er av nasjonal interesse, men også for dei kulturmiljøa og landskapa som er av lokal eller regional interesse.

#### Tilskotsordningar:

Det fylgjer ikkje automatisk med tilskot knytt til kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Men det finnast ei rekkje ordningar som kan vere relevante. Ved søknad på fleire av desse ordningane vil det vere ein fordel å ha verdier som er av nasjonal interesse.